

Falck Renewables Vind AS
Bukta
6823 SANDANE

Vår dato: 26.03.2021
Vår ref.: 201704187-210
Arkiv: 517
Dykkar dato: 11.03.2021
Dykkar ref.: Marco Asprone

Sakshandsamar:
Randi Holme

Okla vindkraftverk - Godkjenning av søknad om endra turbinfundament - Stad kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til detaljplan og miljø-, transport og anleggsplan (MTA) for Okla vindkraftverk datert 23.06.2017, NVE sitt vedtak om godkjenning datert 16.11.2017, søknad om planendring datert 16.04.2019, NVE sitt vedtak om godkjenning av planendring datert 24.06.2019 og Olje- og energidepartementet (OED) sitt vedtak datert 24.03.2020.

Vidare viser vi til dykkar e-post datert 11.03.2021 med søknad om endra teknisk løysing for fundamentering av turbinane ved Okla vindkraftverk.

NVE sitt vedtak

NVE godkjenner søknad om endra turbinfundament datert 11.03.2021.

Vilkår for godkjenninga:

- *Massar frå utgraving av gravitasjonsfundamenta skal mellomlagrast lokalt og nyttast til istandsetting ved turbinpunkta og kranplassane.*
- *Ut over dette viser vi til vilkåra i våre vedtak datert 16.11.2017 og 24.06.2019 som gjeld fullt ut*

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 17.12.2013 post 12 og 13 (NVE ref. 200704489-57), godkjend detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan datert 16.11.2017, vedtak om godkjenning av planendring datert 24.06.2019 og OED sitt vedtak datert 24.03.2020, som stadfestar vårt vedtak datert 24.06.2019.

Vi føreset at endringane er avklart med grunneigarar og andre med rettar. Vi ber tiltakshavar om å orientere grunneigarar og andre med rettar m dette vedtaket med tilhøyrande rett til å klage.

Bakgrunn

I e-post datert 11.03.2021 søker Falck Renewables Vind AS (FR) om å endra teknisk løysing for turbinfundamenta på Okla vindkraftverk. I godkjend MTA er det lagt til grunn at turbinfundamenta kan forankrast på fjell. Nærmare tekniske undersøkingar viser at der er meir lausmassar en venta, og at det difor må nyttast gravitasjonsfundament til forankring. Vurderinga om at fundamenta kunne forankrast på

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG


Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



fjell var gjort før FR hadde tilgang i området. FR opplyser at det ikkje var mogeleg å innhente tilstrekkeleg detaljert informasjon om grunnforholda fordi nødvendige løyve ikkje låg føre då MTA var utarbeidd. Etter at arbeidet var sett i gang er det innhenta detaljert informasjon om grunnforholda, som viser at der er meir morenemasse i området enn forventa ved turbinpunkta.

Det er opplyst at arealbruken ikkje vert endra som følgje av løysinga det er søkt om.




Figur 1: Areal som er som er godkjent for etablering av turbinpunkta. Endra teknisk løysing vi ikkje medføre arealbruk ut over det som allereie er godkjent.

I skildring i godkjend MTA er fundamentering av turbinane omtalt slik: «Fundamentene vil vere av typen «fjellforankret», som innebærer bruk av strekkstag direkte til fjell. Sammenlignet med «gravitasjonsfundament» vil et fjellforankret fundament ha et langt mindre inngrep i terrenget».

I søknaden om endring til gravitasjonsfundament er det opplyst at det må gravast ut eit areal på om lag 315 FA m² med graveskråning 1:1. I botnen av utgravinga vert det plassert ei forskaling som vert fylt med armeringsstål og betong. Den synlege delen av gravitasjonsfundamenta er mindre (6,6 meter) enn den godkjende løysinga med fundament forankra på fjell (8 meter).

I søknaden er det opplyst at det ikkje vil vere nokon vesentleg skilnad i areal som vert grave ut ved bygging av gravitasjonsfundament i forhold til den godkjende løysinga. Ved fjellforankring vil det og vere nødvendig å grave ut massar for å unngå bratte graveskråningar. I godkjend MTA er det ikkje skildra detaljert kor mykje massar som må gravast av ved fjellforankring av fundamenta.



Figur 2: Tverrprofil av fjellforankra fundament og gravitasjonsfundament.

Som det går fram av figur 2 er det under bakkenivå den endra tekniske løysinga vil gi endringar.

Høyring

NVE viser til fvl. § 16 tredje ledd bokstav a) om at førehandsvarsling kan unnlatast dersom «*slik varsling ikke er praktisk mulig eller vil medføre fare for at vedtaket ikke kan gjennomføres*». Ei høyring på dette tidspunktet vil føre til at montering av turbinane ved anlegget ikkje kan gjennomførast etter oppsett framdriftsplan, og at anlegget ikkje kan settast i drift innan tidsfristen som er 31.12.2021.

NVE viser vidare til *Woxholt, Forvaltningsloven med kommentarer*, 5. utgåve s. 349, og at dette støttar at hastverk i seg sjølv kan tilseie at høyring ikkje vert gjennomført:

«Det er ikke bare i mer nødrettslignende tilfelle som nevnt i forrige avsnitt at praktisk umulighet kan sies å foreligge. Det må antas at varsel kan unnlates også i saker av mindre viktig karakter, dersom saken haster å mye at varsel i det hele tatt ikke kan gjennomføres etter annet ledd».

I søknaden om endra teknisk løysing opplyser FR at endra metode for fundamentering av turbinane ikkje fører til arealbruk ut over det som er godkjent i vårt vedtak datert 24.06.2019. Etter NVE si vurdering har gir ikkje den omsøkte endringa vesentlege verknader som tilseier at høyring *må* gjennomførast.

Etter NVE si vurdering kan difor høyring utelatast før vedtak vert fatta. Stad kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Stad Landskap, Innbyggjarinitiativet mot vindkraft på Stad med fleire, vert informerte med kopi av dette vedtaket, og søknaden som ligg til grunn for vedtaket.



NVE si vurdering

NVE konstaterer at det ikkje er samsvar mellom FR sin omtale av terrenginngrepa ved fjellfundament og gravitasjonsfundament i godkjend MTA og søknaden om endring frå fjellfundament til gravitasjonsfundament.

Søknaden gjeld endring i den tekniske løysinga. NVE har lagt vekt på at endringa ikkje fører til endringar i godkjend arealbruk. NVE konstaterer at den faktiske endringa vert under bakkenivå. Etter vår vurdering er ikkje endringa av vesentleg betydning. Masse som vert grav bort vert mellomagra lokalt og nytta til istandsetting ved turbinpunkta og kranplassane. Det er sett vilkår om dette i godkjenninga.

Etter NVE si vurdering vil ikkje endringa under bakkenivå ha andre landskap- eller miljømessige konsekvensar enn tidlegare godkjend løysing (jf. vedtak datert 16.11.2017 og 24.06.2019).

NVE legg til grunn at arbeida skal gjennomførast i tråd med prinsipp for terrengtilpassing og istandsetting som vi har godkjent tidlegare. Vi legg og til grunn at det vert utarbeidd ein designmanual av landskapsarkitekt i samsvar med krava i godkjent MTA.

NVE konstaterer at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er vurdert i konsesjonsbehandlinga og konsesjonsvedtak av 17.12.2013, i vedtak om godkjenninga av detaljplan og MTA datert 16.11.2017, og godkjenning av søknad om planendring datert 24.06.2019. Tiltaket berører ikkje naturmangfald utover dette. Det er derfor ikkje gjort nye vurderingar etter naturmangfaldlova kapittel II i dette vedtaket.

Rett til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå informasjon om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Ingunn Åsgard Bendiksen
direktør

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 1

Kopi til:

Borgundvåg Jordsameige v/Atle Beitveit
Ervik Jakt og Fiskelag v/Svein Per Ervik
LA NATUREN LEVE v/INGER BJØRG LEIRVÅG
Marco Asprone



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
NORGES NATURVERNFORBUND
Sogn og Fjordane Turlag
STAD KOMMUNE
STAD LANDSKAP
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Tungevåg Jordsameige
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.